

SAK 44/16 UTTALE TIL LANGSIKTIG STRATEGI FOR DET OFFENTLEGE VIDAREGÅANDE SKULETILBODET I BUSKERUD

Forslag til uttale

1. Det er særleg viktig for regionar som Hallingdal, der elevane må reise langt til alternative skulestader, å ha ekstra gode tilbod innan vidaregåande opplæring. Dette har utan tvil vore med på å gje Hallingdal, som typisk distriktsregion, ei positiv utvikling. For Hallingdal spelar dei vidaregåande skulane ein svært viktig rolle - ikkje berre som ein utdanningsinstitusjon. Gode vidaregåande skular med eit breitt tilbod er viktige parameter for attraktivitet i forhold til rekruttering/busetting og utvikling av næringslivet. Dei vidaregåande skulane er viktige arbeidsplassar for folk med høgare utdanning og betyr relativt sett meir i ein distriktsregion med mindre tilfang av arbeidsplassar som krev høgare utdanning.

Utfordringane i forhold til regional utvikling og regionale arbeidsmarknadar kan ha mange ulike innfallsvinklar, med store regionale forskjellar, som det er avgjerande at det blir teke omsyn til. For Hallingdal er ei av dei desidert største utfordringane å rekruttere eigen ungdom inn i arbeidslivet i Hallingdal. Sjølv om Hallingdal ikkje er verst stilt som distriktsregion, «mistar» me alt for mange ungdommar som aldri kjem attende. Årsakene er samansette, men det er utan tvil slik at eit godt og breitt tilbod innan vidaregåande utdanning er ein svært viktig faktor, for at fleire av våre ungdommar blir i regionen eller kjem attende etter avslutta utdanning.

Utdanninga i Hallingdal må som i dag til ein viss grad tilpassast næringslivet og det offentlege sitt behov. I denne samanheng er det viktig å klargjera behov og det må synleggjerast/marknadsførast endå sterkare enn i dag, sjølv om det blir gjort mykje godt arbeid. Det bør leggjast til rette for at dei vidaregåande skulane i endå større grad samarbeida aktivt med næringslivet og kommunane. Rettleiing må i større grad gjerast meir relevant i forhold til næringslivet og offentleg sektor sine behov, meir arbeidsmarknadsretta rettleiing/rådgjeving. Dei vidaregåande skulane må bli ein sterkare regional utviklingsaktør.

Regionrådet for Hallingdal vil arbeide for at ungdommane skal få eit breitt tilbod i Hallingdal, for å:

- trivast og utvikle seg og oppretthalde svært høg % fullført og bestått
 - unngå at ungdom må reise langt heimanfrå som 16-åringar
 - sikre at flest mogeleg av unge kjem tilbake til Hallingdal etter fullført utdanning
 - vera ein attraktiv region i forhold til rekruttering/busetting
2. Det blir stadig peika på at motivasjon er avgjerande for gjennomføringa, og at skulane difor må tilby gode valmogelegheiter. Me må sikre at vår ungdom har høve til å koma inn på alle typar høgare utdanning og kunne få spesiell studiekompetanse. Det er også viktig at dei som ynskjer ein alternativ måte å få studiekompetanse på, kan få det i Hallingdal.

For Hallingdal som region er det viktig å behalde flest mogeleg frå denne aldersgruppa i regionen medan dei er i vidaregåande opplæring, både med tanke på deira viktige bidrag i lokalmiljø, idretts- og kulturliv, og for å auke sjansane for at dei blir i Hallingdal/kjem attende til regionen etter fullført utdanning. Det er såleis heilt nødvendig med eit breitt fagtilbod både på studiespesialisering, studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram. Hallingdal treng handverkarar av ulike slag og gode fagfolk til

reiselivsnæringa. I tillegg treng regionen folk med høgare utdanning til helseteneste, utdanning, offentlig forvaltning og privat næringsliv.

Dei vidaregåande skulane i Hallingdal ligg svært godt an når det gjeld gjennomføring, fullført og bestått. Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at dess tala ville sett heilt annleis ut for våre unge, dersom dei må reise langt heimanfrå for å få vidaregåande opplæring. Eit breitt tilbod i Hallingdal basert på regionen sine behov og elevane sine ynskje er difor heilt nødvendig for ei vidare positiv utvikling i Hallingdal.

3. Hallingdal må ha eit breitt tilbod innan både studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram. Tilboda om både generell og spesiell studiekompetanse må halde fram, dette er svært viktig også i framtida. Hallingdal har hatt alle dei 12 utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Frå hausten 2016 er Vg1 Design og handverk fjerna og det nye utdanningsprogrammet Kunst, design og arkitektur (KDA) er ikkje oppretta i Hallingdal. Dei andre utdanningsprogramma held fram ved at det er oppretta nokre halve klassar. I forslaget til langsiktig plan er gjort ytterlegare reduksjonar, utdanningsprogram for Design og handverk blir lagt ned for godt, utdanningsprogram for Musikk, dans og drama blir lagt ned og Naturbruk blir lagt ned.

Tidlegare har det vore rom for at distrikta fekk oppretthalde likeverdige mogelegheiter for elevane, der avstandar og dårleg kollektivtransport gjer dette nødvendig. Regionrådet for Hallingdal er bekymra om ein tek vekk alle dei estetiske faga frå ein region prega av rike kulturtradisjonar. Hallingdal har store og levande ungdomsmiljø innan musikk, dans og drama, der desse ungdommane meir enn nokon gong tidlegare er stolte utviklarar av ei levande kulturarv. Også i ein reiselivssamanheng er dette alvorleg.

Regionrådet ynskjer ei nærare vurdering av dei faktiske innsparingar, som eventuelt blir gjort. Regionrådet trur heller ikkje dette er gode val i eit større og meir langsiktig perspektiv. Det bør her vurderast andre måtar å organisere opplæringa på, gjerne saman med næringslivet og kommunane, for å bevare og vidareutvikle fagområdet.

Det må vera eit klart mål å oppretthalde eit like godt tilbod som Hallingdal har i dag innan vidaregåande utdanning. For å få dette til må det kanskje vera ein større grad av fleksibilitet noko det er ei klar oppfatning om at dei vidaregåande skulane er innstilt på og som dei har god erfaring med. Dette gjeld både i forhold til at halve klassar kan utgjera ein klasse i fellesfag og eit tett samarbeid mellom Gol og Ål.

I tillegg bør det vera aktuelt å prøve ut modellar med eit tettare samarbeid mellom skulane, næringsliv og kommunane. Kanskje tida er inne til å utfordre i forhold til alternative måtar for organisering og samarbeid med næringslivet. Dette kan gjelde t.d. kompetanse, lokalitetar og utstyr. Målsettinga må vera å finne løysingar til beste for regionen og elevane, der 15 eller ingenting ikkje må vera så styrande for skular i distrikta.

4. Regionrådet for Hallingdal er glad for at dei yrkesfaglege kjernetilboda, Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag, Teknikk og industriell produksjon, Helse- og oppvekstfag, Restaurant- og matfag og Service og samferdsel blir foreslått oppretthalde i tråd med arbeidslivet sine behov.

Det er eit paradoks at Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet ikkje klarar å rekruttere fleire elevar til restaurant og matfag. Regionrådet er godt kjent med det aktive arbeidet både reiselivsnæringa, dei vidaregåande skulane i Hallingdal og fylkeskommunen har gjort for å styrke den lokale rekrutteringa til reiselivet.

Reiselivsnæringa har eit stort behov for kokkar og servitørar. Regionen har mange læreplassar fordelt på fleire av landets beste hotellkjøkken - berre Geilo kunne ta i mot ein

klasse. Det er heilt nødvendig for utviklinga av reiselivsnæringa å oppretthalde og utvikle dette fagområdet. I denne samanheng ynskjer Regionrådet for Hallingdal saman med reiselivsnæringa å vera ein aktiv medspelar for å få eit endå sterkare fokus på dette utdanningstilbodet, gjerne gjennom eit nærare definert prosjekt.

5. Det er foreslått at naturbruksutdanninga ved Ål vgs blir lagt ned og flytta til Rosthaug videregående skole. Dette med bakgrunn i at stadig færre elevar søker denne utdanninga og at det er føresett ein nedgang i elevtalet i Hallingdal. For Hallingdal med ei stor og viktig primærnæring er naturbruksutdanninga eit opplæringstilbod som må oppretthaldast. Det bør vurderast nye modellar/løysingar tilsvarande «industrimodellen» som blir nytta i Hallingdal, der det er eit sterkt samarbeid mellom næring og skule. Ut frå svært låg søkning til landbruk ved Rosthaug er det og grunn til å vurdere meir fleksible løysingar.
6. Det vil kanskje koste noko ekstra at elevane kan bu heime, og få si utdanning i Hallingdal. Men det eit godt utbygd skuletilbod kostar ekstra i form av halve klassar og alternative opplæringsløp, er betre for den enkelte elev, for lokalmiljøa i regionen og på sikt også meir lønsamt samfunnsøkonomisk. Det er også eit viktig verkemiddel for at så mange som mogeleg av ungdommane kjem tilbake til heimstaden etter fullført utdanning. Og det vil bli ein langt større kostnad både økonomisk og menneskeleg, at ungdom ikkje gjennomfører, fullfører og består.
Ut frå fylkeskommunale strategiar og planer for næring, busetting og utvikling i dei ulike regionane i Buskerud må det vera ei differensiert tenking om skuletilbod i byar og bynære strøk versus skuletilbod i Hallingdal og Numedal. Dette må sjåast på som ei investering.
7. SSB si befolkningsframskrivning syner at elevtalet i Hallingdal vil gå noko ned dei komande åra. Her kan det vera på sin plass å peike på at ved middels nasjonal vekst er det lågaste talet i 2030 og så vil talet auke fram mot 2040. Med høg nasjonal vekst blir resultatet eit heilt anna. Regionrådet for Hallingdal vil be om at denne type framskrivingar må nyttast med stor varsemd, dette er prognosar! Det er forståing for at det må gjerast justeringar som følgje av noko lågare elvetal i ein periode, slik at kostnader blir redusert. Her meiner Regionrådet for Hallingdal at det må sjåast på alternative løysingar m.a. i samarbeid med næringslivet.
8. Det er avgjerande at fylkeskommunen sine einingar med ansvar for regional utvikling samarbeida godt internt og eksternt med andre aktørar, om kompetanseutvikling i ein regional arbeidsmarknad.
9. For regionar som Hallingdal med store avstandar er det for mange elevar lange dagar der busskøyning er ein del av skuledagen. For mange er det timar med busskøyning og venting. Som Buskerud fylkeskommune er kjent med er det for enkelte område tilbod som langt frå er akseptable. Dette er ikkje akseptabelt for elevane, det går utover prestasjonar og det er med på å styre utdanningsval.
10. Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at partnerskapet med Buskerud fylkeskommune i forhold til utdanning og vidaregåande skuletilbod blir vidareutvikla. Regionrådet ynskjer at det blir etablert eit eige oppfølgingsprosjekt med bakgrunn i dei strategiar som blir vedtekne, der fylkeskommunen (inklusive vidaregåande skuler), regionrådet og næringsliv er aktive partar. Målsettinga vil vera å arbeide for best moglege vidaregåande skuletilbod i Hallingdal, der fleksibilitet, partnerskap og kreativitet er stikkord.

Saksopplysning

«Langsiktig strategi for det offentlige videregående skoletilbudet i Buskerud» er lagt ut på høyring, vedlagt høyringsbrev frå Buskerud fylkeskommune dat. 30.6.2016.

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å revidere den langsiktige planen for det offentlege vidaregåande skuletilbodet i Buskerud. Hovudutvalet for utdanningssektoren vedtok i januar 2016 mandat for arbeidet.

Hovudutvalet for utdanningssektoren har godkjent forslag til mandat for arbeidet som er definert slik:

Mål

Målet med arbeidet er å revidere gjeldende plan for helhetlig og langsiktig skoletilbud 2014-2017 slik at revidert plan:

- *Understøtter prinsippene i Kunnskapsskolen i Buskerud.*
- *Gir retning og forutsigbarhet for de årlige dimensjoneringsplaner av skoletilbudet.*
- *Sikrer sammenheng mellom skoletilbud og vedtatte investeringsplaner for skolebygg.*
- *Harmonerer med utdanningssektorens økonomiske driftsrammer på kortere og lengre sikt og bidrar til vedtatte innsparinger i driften.*
- *Legger til rette for samarbeid og samhandling med nærings- og arbeidsliv om utdanningstilbud og læringsarenaer.*

Grunnleggende prinsipper:

Det bør være et tilstrekkelig bredt vg1 tilbud i alle regioner slik at flest mulig får tilbud i nærmiljøet. Det må likevel være mulig å vurdere tilbud med synkende søkertall, og der nærings- og arbeidslivets behov er nedadgående. Det legges til grunn en ulik bredde og et ulikt omfang vg2 tilbud i regionene.

"Temaskoler"/sterke fagmiljøer kan vurderes i regioner. Nærhet til utdanning er viktig for rekruttering, og for lokalt arbeidsliv ved at den videregående opplæringen klarer å møte arbeidslivets behov for kompetanse.

For å understøtte både elevenes ønsker, nærings- og arbeidslivets behov, og fylkeskommunens strategier og planer for næring, bosetting og utvikling i de ulike regionene i Buskerud, bør det legges til grunn en noe differensiert tenking om skoletilbud i byer og bynære strøk versus skoletilbud i Hallingdal og Numedal. Det skal tilstrebes mangfold i elevsammensetningen ved skolene blant annet for etnisitet, kjønn, fag, og elevenes forutsetninger.

Følgjande premissar er lagt til grunn for arbeidet:

- *Opplæringsloven med forskrifter inkludert forskrift om inntak til videregående opplæring i Buskerud fylkeskommune.*
- *Fylkestingets vedtatte investeringsplaner for skolebygg.*
- *Fylkestingets vedtatte innsparingskrav i utdanningssektorens driftsramme.*
- *Elevvekst, og da særlig elevveksten i Drammensregionen som krever kapasitetsøkning etter 2020.*
- *Nærings- og arbeidslivets behov fremover.*
- *Kunnskapsskolen i Buskeruds intensjon om at tilbud må kunne dimensjoneres opp eller ned ved en skole uten store behov for utstyr og investeringer.*
- *Regional plan for Kunnskapssamfunnet.*
- *Samarbeidsmuligheter med privat og offentlig arbeidsliv.*
- *Eventuelle nasjonale endringer i tilbudsstrukturen etter Meld. St. 20 (2012-2013) "På rett vei".*
- *Oppfølgingen av NOU 2015:8 - Fremtidens skole.*

Prosess:

Fylkestinget har forutsatt bred involvering i arbeidet med planen, noe som er viktig for å sikre best mulig forankring av planen før vedtak i fylkestinget. Det foreslås derfor at saken behandles i fylkestinget i desember parallelt med Handlingsprogram for 2017-2020.

Interessenter knyttet til langsiktig skoletilbud kan være mange. De viktigste synes å være: elevene, partene i arbeidslivet, ledelse og ansatte ved de videregående skolene, kommunene, bransjer/bedrifter, offentlige arbeidsgivere. De fleste må være representert i arbeidsgruppen som skal gjennomføre arbeidet.

For å sikre bred involvering gjennom hele prosessen foreslås det bruk av innspillmøter i en tidlig fase i arbeidet, og formell skriftlig høring fulgt av høringsmøter i den avsluttende fasen av arbeidet. Internt orienteres det jevnlig om status i arbeidet i Yrkesopplæringsnemnda, Hovedutvalget for utdanningssektoren, Hovedutvalget for miljø, innovasjon og næring, og i informasjons- og drøftingsmøte med de hovedtillitsvalgte.

Organisering av arbeidet:

Arbeidet organiseres med en arbeidsgruppe ledet fra utdanningsavdelingen og sammensatt med representanter fra:

- Utdanningsavdelingen (3)
- Utviklingsavdelingen (1)
- Rektorer (1)
- Partene i arbeidslivet – LO, NHO og KS i Buskerud med en representant hver.
- Hovedtillitsvalgte (1)
- Elevrepresentant (1)

Planen skal angi en strategi for utvikling av skoletilbudet, men skal ikke gå ned på detaljnivå. Planen skal behandles politisk i fylkeskommunen i løpet av høsten 2016 etter en bred skriftlig høringsrunde. I tillegg til innspillene i selve regionrådsmøtet, setter vi pris på for den videre saksbehandling også å motta innspillene skriftlig, gjerne via regionrådskontakten.

Buskerud fylkeskommune har arrangert innspelsmøter.

I samband med Hallingtinget 29.4.2016 var det drøfting av saka «innspelsmøte», der det m.a. kom fram følgjande synspunkt:

- Svært viktig for Hallingdal å oppretthalde utdanningsprogramma.
- Gode tilbud gjev stor grad av gjennomføring
- At ungdom kan bu heime er god førebygging
- Viktig for Hallingdal som attraktiv region at vidaregåande skule har best mogleg tilbod
- Legge til rette for sterkare samarbeid og samhandling med nærings- og arbeidsliv om utdanningstilbod og læringsarenaer.
- Større fleksibilitet i forhold til studietilbod og organisering

På Hallingtinget vart det også gjort slikt vedtak:

Regionrådet for Hallingdal skal arrangera eit «høringsmøte» med aktuelle partar frå m.a. skule og næringsliv. Regionrådet skal handsame uttale til langsiktig skuletilbod på møte 27.mai 2016.

Regionrådet for Hallingdal arrangerte høyringsmøte 18.5.2016, der representantar frå næringslivet, Hallingdal opplæringskontor og dei vidaregåande skulane i Hallingdal deltok (totalt 20 stk). Her kom det fram mykje nyttig informasjon og synspunkt som er nytta i det vidare arbeidet med uttale.

Regionrådet for Hallingdal handsama innspel til revidering av langsiktig vidaregåande skuletilbod i Buskerud, i sak 26/16. Det vart gjeve slike innspel:

1. Hallingdal har gode vidaregåande skular med 12 av 12 utdanningsprogram og tilbod om påbygg til studiekompetanse. Dette er utan tvil ei styrke for Hallingdal som typisk distriktsregion, og som har vore med på å gje Hallingdal ei positiv utvikling. For Hallingdal spelar dei vidaregåande skulane ein svært viktig rolle - ikkje berre som ein utdanningsinstitusjon. Gode vidaregåande skular med eit breitt tilbod er viktige parameter for attraktivitet i forhold til rekruttering/busetting og utvikling av næringslivet. Dei vidaregåande skulane er viktige arbeidsplassar for folk med høgare utdanning og betyr relativt sett meir i ein distriktsregion med mindre tilfang av arbeidsplassar som krev høgare utdanning.

Utfordringane i forhold til regional utvikling og regionale arbeidsmarknader kan ha mange ulike innfallsvinklar med store regionale forskjellar, som det er avgjerande at det blir teke omsyn til. For Hallingdal er ei av dei desidert største utfordringane å rekruttere eigen ungdom inn i arbeidslivet i Hallingdal. Sjølv om Hallingdal ikkje er verst stilt som distriktsregion, «mistar» me alt for mange ungdommar som aldri kjem attende. Årsakene er samansette, men det er utan tvil slik at eit godt og breitt tilbod innan vidaregåande utdanning er ein svært viktig faktor, for at fleire av våre ungdommar blir i regionen eller kjem attende etter avslutta utdanning.

Utdanninga i Hallingdal må som i dag til ein viss grad tilpassast næringslivet og det offentlege sitt behov. I denne samanheng er det viktig å klargjera behov og det må synleggjerast/marknadsførast endå sterkare enn i dag, sjølv om det blir gjort mykje godt arbeid. Det bør leggjast til rette for at dei vidaregåande skulane i endå større grad samarbeida aktivt med næringslivet og kommunane. Rettleiing må i større grad gjerast meir relevant i forhold til næringslivet og offentlig sektor sine behov, meir arbeidsmarknadsretta rettleiing/rådgeving. Dei vidaregåande skulane må bli ein sterkare regional utviklingsaktør.

2. For Hallingdal med store avstandar til alternative skulestadar er det svært viktig med eit breitt skuletilbod. Elevane understrekar at motivasjon er avgjerande viktig for gjennomføringa, tilbod av gode valmogelegheiter er her ein viktig føresetnad. Me må sikre at vår ungdom har høve til å koma inn på alle typar høgare utdanning og kunne få spesiell studiekompetanse. Det er også viktig at dei som ynskjer ein alternativ måte å få studiekompetanse på, kan få det i Hallingdal.

For Hallingdal som region er det viktig å behalde flest mogeleg ungdommar frå denne aldersgruppa i regionen, medan dei er i vidaregåande opplæring, både med tanke på deira viktige bidrag i lokalmiljø, idretts- og kulturliv, og for å auke sjansane for at dei blir i Hallingdal/kjem attende til regionen etter fullført utdanning. Det er såleis heilt nødvendig med eit breitt fagtilbod både på studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram. Hallingdal treng handverkarar av ulike slag og gode fagfolk til reiselivsnæringa. I tillegg treng regionen folk med høgare utdanning til helseteneste, utdanning, offentlig forvaltning og privat næringsliv.

Dei vidaregåande skulane i Hallingdal ligg svært godt an når det gjeld gjennomføring, fullført og bestått. Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at dess tala ville sett heilt annleis ut for våre unge, dersom dei må reise langt heimanfrå for å få vidaregåande opplæring. Eit breitt tilbod i Hallingdal basert på regionen sine behov og elevane sine ynskje er difor heilt nødvendig for ei vidare positiv utvikling i Hallingdal.

3. Hallingdal må ha eit breitt tilbod innan både studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram. Tilboda om både generell og spesiell studiekompetanse må halde fram, dette er svært viktig også i framtida. Det må vera eit klart mål å oppretthalde eit like godt tilbod som Hallingdal har i dag innan vidaregåande utdanning. For å få dette til må det kanskje vera ein større grad av fleksibilitet noko det er ei klar oppfatning om at dei vidaregåande skulane er innstilt på. Dette gjeld både i forhold til at halve klassar kan utgjera ein klasse i fellesfag og eit tett samarbeid mellom Gol og Ål. I tillegg bør det vera aktuelt å prøve ut modellar med eit tettare samarbeid mellom skulane, næringsliv og kommunane. Kanskje tida er inne til å utfordre i forhold til alternative måtar for

organisering og samarbeid med næringslivet. Dette kan gjelde t.d. kompetanse, lokalitetar og utstyr. Som ein del av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal der utdanning er eit område, vil det vera naturleg med eit tettare samarbeid for å koma fram til gode løysingar, ref. pkt. 10.

Målsettinga må vera å finne løysingar til beste for regionen og elevane, der 15 eller ingenting ikkje må vera så styrande for skular i distrikta.

4. Det er eit paradoks at Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet ikkje klarar å rekruttere fleire elevar til restaurant og matfag. Regionrådet er godt kjent med det aktive arbeidet både reiselivsnæringa, dei vidaregåande skulane i Hallingdal og fylkeskommunen har gjort for å styrke den lokale rekrutteringa til reiselivet.
Reiselivsnæringa har eit stort behov for kokkar og servitørar. Regionen har mange læreplassar fordelt på fleire av landets beste hotellkjøkken - berre Geilo kunne ta i mot ein klasse. Det er heilt nødvendig for utviklinga av reiselivsnæringa å oppretthalde og utvikle dette fagområdet. Dersom det skulle bli aktuelt å samle fagmiljøet på færre stader, må Hallingdal vera ein naturleg plass for dette.
Regionrådet for Hallingdal ser klart at det må til ein ekstra innsats for at restaurant og matfag skal ha livets rett. I denne samanheng ynskjer Regionrådet for Hallingdal saman med reiselivsnæringa å vera ein aktiv medspelar for å få eit endå sterkare fokus på dette utdanningstilbodet, gjerne gjennom eit nærare definert prosjekt, ref. pkt.10. Dette kan og gjelde andre område. Og i forhold til Design og handverk må det søkjast andre måtar å samarbeide og organisere opplæringa på, for å bevare og vidareutvikle fagområdet.
5. Det blir stilt spørsmål ved om naturbruksutdanninga ved Ål vgs bør leggjast ned og samle naturbrukstilbodet ved Rosthaug. Dette med bakgrunn i at stadig færre elevar søker denne utdanninga og at er føresett ein nedgang i elevtalet i Hallingdal. For Hallingdal med ei stor og viktig primærnæring er naturbruksutdanninga eit opplæringstilbod som må oppretthaldast. Det bør kanskje vurderast nye modellar/løysingar der Regionrådet for Hallingdal ynskjer å vera ein aktiv part, ref. pkt. 10.
6. Det vil kanskje koste noko ekstra at elevane kan bu heime, og få si utdanning i Hallingdal. Men det eit godt utbygd skuletilbod kostar ekstra i form av halve klassar og alternative opplæringsløp, er betre for den enkelte elev, for lokalmiljøa i regionen og på sikt også meir lønsamt samfunnsøkonomisk. Det er også eit viktig verkemiddel for at så mange som mogeleg av ungdommane kjem tilbake til heimstaden etter fullført utdanning. Og det vil bli ein langt større kostnad både økonomisk og menneskeleg, at ungdom ikkje gjennomfører, fullfører og består. Ut frå fylkeskommunale strategiar og planer for næring, busetting og utvikling i dei ulike regionane i Buskerud må det vera ei differensiert tenking om skuletilbod i byar og bynære strøk versus skuletilbod i Hallingdal og Numedal. Dette må sjåast på som ei investering.
7. Enkelte utdanningsprogram har relativt få elever. Det blir sagt at med SSB si befolkningsframskrivning synes det vanskeleg å klare å oppretthalde eit såpass breitt tilbod i Hallingdal i framtida. *«Det er rett og slett ikke søkere nok til et så bredt tilbud som Hallingdal har i dag. Spørsmålet er dermed hvilke kjernetilbud som det er viktig å opprettholde i Hallingdal i et lengre perspektiv, av hensyn til offentlig og privat arbeidslivs behov for arbeidskraft, tjenestetilbud til innbyggerne og utvikling i Hallingdal?»*
Og: *«Som det går fram av tabellen er elevgrunnlaget i Hallingdalsregionen synkende. Ifølge SSBs prognoser synker det kraftig fra 2016 til 2017, har så en svakt synkende tendens i årene etter det, for så å få et kraftig fall igjen i 2030.»*
Her kan det vera på sin plass å peike på at ved middels nasjonal vekst er det lågaste talet i 2030 og så vil talet auke fram mot 2040. Med høg nasjonal vekst blir resultatet eit heilt anna. Regionrådet for Hallingdal vil be om at denne type framskrivingar må nyttast med stor varsemd, dette er prognosar!

8. Det er avgjerande at fylkeskommunen sine einingar med ansvar for regional utvikling samarbeida godt internt og eksternt med andre aktørar, om kompetanseutvikling i ein regional arbeidsmarknad.
9. For regionar som Hallingdal med store avstandar er det for mange elevar lange dagar der busskøyning er ein del av skuledagen. For mange er det timar med busskøyning og venting. Som Buskerud fylkeskommune er kjent med er det for enkelte område tilbod som langt frå er akseptable. Dette er ikkje akseptabelt for elevane, det går utover prestasjonar og det er med på å styre utdanningsval. Regionrådet for Hallingdal forventar at det kjem på plass gode løysingar frå hausten 2016.
10. I samband med prosess og organisering av arbeidet er det med ei viss forundring Regionrådet for Hallingdal registrerar at vedteken partnerskapsavtale mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal ikkje er nemnt med eit ord. Gjeldande partnerskapsavtale 2015 – 2016 inneheld tre samarbeidsområde; regionalutvikling, samferdsel og utdanning. I avtala står det m.a. under satsingsområde: «Utvikling av tilbod vgs i nært samarbeid med Hallingdal». Dersom det er eit reelt partnerskap burde Regionrådet for Hallingdal vore mykje meir delaktig i det innleiande arbeidet og ein part i prosessen, ikkje berre ein høringsinstans. Dette må rettast opp i det vidare arbeidet.

Etter innspelsmøta har Buskerud fylkeskommune utarbeida høyringsdokumentet «Langsiktig strategi for det offentlige vidaregåande skoletilbudet i Buskerud», dat. 30.6.2016. Strategiforslaget og vedleggsdokumentet kan lastast ned [her](#).

Frå Buskerud fylkeskommune si side har auke i ungdomskulla i Drammen-Kongsberg og nedgang i Numedal og Hallingdal og stadig trongare vedtekne økonomiske rammes, vore viktige premisser i arbeidet med planen. For å halde dei økonomiske rammene som er lagt til grunn er det foreslått å prioritere strengt omfanget av tilbødet i ulike områder av Buskerud. Samla forventa innstramming er på 40,6 mill. kroner pr. år, frå 2019 og framover. Dei yrkesfaglege kjernetilboda som har gode samarbeidsrelasjonar med arbeidslivet, varierte utplasseringsmogelegheiter og god tilgang på læreplasser i bedrifter og institusjonar i regionane er prioritert. Eit breitt og mangfaldig studiespesialiserande tilbød er prioritert framfor meir kostbare studieførebuande tilbød i områder med svakt elevgrunnlag.

Det er lagt til grunn følgjande prinsipp i strategi for framtidige tilbød (pkt.6)

Det er viktig å bygge på og videreutvikle samarbeidet med arbeidslivet i de vidaregåande skolenes nærrområder. Det peker seg ut noen yrkesfaglige utdanningsprogram som utgjør et kjernetilbød de fleste steder, fordi det er gode samarbeidsrelasjonar, utplasseringsmuligheter, læreplasser og framtidige jobber knytta til dem. Dette gjelder Teknikk og industriell produksjon (TIP), Elektrofag (EL), Helse- og oppvekstfag (HO), Bygg- og anleggsteknikk (BAT), Restaurant- og matfag (RM) samt Service og samferdsel (SS). Så langt søkingen gjør det mulig bør disse utdanningsprogrammene tilbys, i alle fall på Vg1-nivå, i alle skoleregioner.

Yrkesfaglige utdanningsprogram med svakere tilknytning til læreplasser og mer variabel søking er Naturbruk (NA) og Design og håndverk (DH).

Innholdet i yrkesfagene vil naturlig, blant annet gjennom Yrkesfaglig fordypning (YFF), rette seg mot behovet i de bedriftene som hører til i de vidaregåande skolenes rekrutteringsområder. Det er likevel viktig å understreke at opplæringa også skal forberede elevene på et framtidig arbeidsliv som vil være forskjellig fra i dag, samt gi dem kompetanse til å mestre livets utfordringer. Skolens samfunnsoppdrag er bredt, og skal også forberede elevene til å bli aktive deltakere i samfunnet, og utvikle deres forutsetninger for å møte stadige skifter og forandringar i samfunn og arbeid.

For mange elever er det viktig å kunne velge utdanning som først og fremst gir dem personlig vekst og modning i ungdomsåra, for deretter å kunne rette seg mer inn mot arbeidslivet

seinere. I størst mulig grad må fylkeskommunen, innafor de rammene som er gitt, også tilstrebe å opprettholde tilbud som etterspørres av slike årsaker mer enn av konkrete karriereplaner.

Det skal også tilstrebese mangfold i elevsammensetningen ved skolene blant annet for etnisitet, kjønn, fag og elevenes forutsetninger. Studiespesialisering (ST) er et kjernetilbud for framtidig høyere utdanna arbeidskraft i alle regioner og må tilbys som tre-årig løp. For å kunne gi et bredt og faglig solid tilbud bør antall paralleller på ST flere steder økes.

I tillegg til ST finnes det nå fire studieforbereidende program, som alle gir studiekompetanse i tillegg til fordypning innen et spesielt programområde: Det er Medier og kommunikasjon (MK), Idrettsfag (ID), Musikk, dans og drama (MDD) og Kunst, design og arkitektur (KDA). I fylkeskommunens økonomiske situasjon må et solid ST-tilbud prioriteres framfor å tilby en bred vifte av studieforbereidende løp, som nok kan være motiverende for elever med spesielle interesser, men som er kostnadskrevende og ikke gir annen formell sluttkompetanse enn den generelle studiekompetansen. For interesserte ungdommer kan programfag fra både MK, ID, MDD og KDA tilbys innafor Studiespesialisering.

Skal man delvis klare å møte de vedtatte økonomiske rammene, er det neppe noen annen mulighet enn å redusere omfanget av studieforbereidende tilbud som er kostbare pga. stor grad av gruppedeling, og yrkesfaglige tilbud som har lav søking.

Det vil også være forskjell på hvor bredt tilbud som kan gis i skoleområdene avhengig av det befolkningsgrunnlaget området har. Rekrutteringsgrunnlaget i skoleregionene i Buskerud faller grovt sett i tre ulike størrelsesgrupper:

I. Drammensområdet (Eiker-kommunene, Lier og Drammen): ca. 135 000 innbyggere I dette området bør alle utdanningsprogram kunne tilbys, bortsett fra Naturbruk. Spesialiserte Vg2-tilbud på yrkesfag gis fortrinnsvis i denne regionen. Enkelte fagmiljøer samles på færre skoler.

II. Ringeriksområdet med deler av Jevnaker: 35 000 – 40 000 innbyggere Røyken og Hurum: 30 000 innbyggere Kongsberg og Numedal: ca. 33 000 innbyggere I Ringeriksområdet og på Kongsberg bør de fleste tilbud kunne gis, avhengig av søking. I Røyken og Hurum, som har rimelig nærhet til Lier og Drammen, kan nåværende tilbud, som er litt smalere enn på Ringerike og i Kongsberg, få mindre justeringer. Numedal vgs må behandles spesielt.

III. Hallingdal: ca. 20 000 innbyggere Modum, Sigdal og Krødsherad: ca. 20 000 innbyggere I disse områdene gis de yrkesfaglige og studiespesialiserende kjernetilbudene samt eventuelle andre utdanningsprogram etter vurdering mot lokalt behov i arbeidslivet og ungdommens søking, og mot muligheten for fleksibel organisering av tilbud.

Følgende prinsipper er lagt til grunn for framtidig utvalg av utdanningsprogram i regionene:

- Studiespesialisering tilbys i alle regioner.
- Musikk, dans og drama tilbys på ett sted i fylket.
- Medier og kommunikasjon, Idrettsfag og Kunst, design og arkitektur tilbys ikke i større omfang enn i dag, og framtidig tilbud og plassering vurderes mot søking.
- Arbeidslivets behov legges som hovedregel til grunn for de yrkesfaglige utdanningstilbudene. De yrkesfaglige kjernetilbudene Teknikk og industriell produksjon, Elektrofag, Helse- og oppvekstfag, Bygg- og anleggsteknikk, Restaurant- og matfag samt Service og samferdsel tilbys, forutsatt søkergrunnlag, på Vg1-nivå i alle regioner.
- Yrkesfaglige Vg2-tilbud gis der det fins tilstrekkelig med læreplasser i faget i området og godt nok søkergrunnlag. Enkelte spesialiserte Vg2-tilbud gis kun ved en eller et fåtall videregående skoler.
- Det tilstrebese å lage fleksible løsninger for bedre ressursutnytting der det er mulig.
- Tidligere vedtatt strategi om samling av Naturbruk på ett sted i fylket gjennomføres.
- Design og håndverk samles til større miljøer på færre skoler.
- Påbyggingsår etter fullført fagopplæring stimuleres framfor påbygging etter Vg2.

- Mangfold i elevsammensetningen ved skolene blant annet for etnisitet, kjønn, fag og elevenes forutsetninger.

Når det gjeld langsiktig strategi for skoletilbudet i Hallingdal (pkt. 7.7) står det:

Utviklingstendenser i området:

De 6 kommunene i Hallingdal har et folketall på like over 20 000. Kullet av 16-18-åringer ligger på rundt 800 i 2016, men vil raskt reduseres til rundt 750 en del år, for deretter å synke jevnt til rundt 660 i 2030 og åra etter, ifølge SSBs prognoser for middels vekst.

Med den forutsetningen at 85% av kullet til enhver tid går i videregående skole, vil man i de nærmeste årene ha et elevgrunnlag på ca. 640, som faller jevnt til 560 potensielle elever i 2030. 75% av ungdommene fra Flå (27 stk) velger nå skole i Hønefoss.

Ål og Gol er i all hovedsak lokalskoler for Hallingdalskommunene. Ål vidaregåande skole og Gol vidaregåande skule hadde til sammen alle 12 utdanningsprogram skoleåret 2015-16 og 727 elevplasser der det gikk 643 elever. For skoleåret 2016-17 er tilbudet redusert med 75 plasser, blant annet pga 50 færre Vg1-søkere. Bortsett fra Vg1 DH er alle utdanningsprogram beholdt, ved at det er opprettet en del halve klasser. Det nye utdanningsprogrammet KDA er ikke opprettet i Hallingdal, så regionen har fra 2016 11 av 13 utdanningsprogram.

Innspill fra regionen, næringslivet og skolemiljøutvalgene:

Regionrådet i Hallingdal ser at elevtallutviklinga ikke er gunstig, men ønsker å opprettholde alle tilbudene som fins i dalen. De ser det som viktig at særlig de yngste elevene ikke må reise ut og bo på hybel. Det ble framhevet at dramatilbudet på MDD på Gol fungerer bra, f. eks. for de som vil bli lærere seinere. Likedan pekte medlemmer av rådet på fordelene ved små klasser, og sa at halve klasser som er slått sammen i fellesfag fungerer veldig bra. Skolene ble rost for å ha gode resultater og lavt frafall.

Regionrådsmedlemmer beklaget at NA ikke har tilstrekkelig ordinære søkere og dermed har for lite faglig målretta opplæring. Det ble foreslått å opprette 4-årig dobbeltkompetanseløp på RM. Man var enige om at næringslivet må mer på banen i forhold til opplæringa i reiselivsfagene. Det fylkeskommunen tidligere hadde gjort for å styrke opplæringstilbudet i fag retta mot reiselivet ble anerkjent.

Regionrådet har i sitt innspill gått inn for at det må kunne utvikles mer fleksible tilbud i et samspill mellom kommuner, næringsliv og skoler for å opprettholde tilbud med svak søkning i dalen. Regionrådet peker på at ungdomskullene i SSBs prognose basert på høy nasjonal vekst vil bli større igjen etter 2030.

HallingExpo, næringsforeningen for mye av industrivirksomheten i dalen, viste til at Hallingdal har et variert arbeidsliv, der det er mange små bedrifter med lokale eiere. Det er stort behov for de fleste yrkesfaglige utdanningene, og mindre behov for de studieforberedende.

Skolemiljøutvalgene pekte også på at skolene har gode resultater og at det er viktig å sikre at ungdommene har gode valgmuligheter og slipper å reise ut. Det er likevel en viss forståelse for reduksjon pga. synkende kull. Skolemiljøutvalget ved Ål vidaregåande skule pekte på at det kan hende DH og NA må avvikles som følge av lavere ungdomskull. Hvis NA på Ål vidaregåande skole avvikles ønsker skolen å beholde avdeling Lien som en læringsarena, gjerne sammen med annen virksomhet som Arbeidsinstitutt, fagskoletilbud og agronomkurs for voksne. Rektor på Ål har også pekt på at NA kan drives i samarbeid med lokale gårdsbruk med base i skolen på Ål, uten egen gårdsdrift. Kjernefag i Hallingdal er TIP, EL, BAT, HO, RM, SS og ST. Det må ses på muligheter for kreative løsninger for å lage tilbud – ved hjelp av samarbeid med næringslivet og fleksibilitet. Rektor på Gol vidaregåande skule framholdt at bredden i studieforberedende er viktig – derfor bør de kreative variantene (MDD og MK) opprettholdes. Reiselivsfag hadde vært ønskelig i dalen, men søkergrunnlaget er ikke til stede.

Ål vidaregåande skole ønsket Vg2 Anleggsteknikk med samme løsning som de har fått til i Numedal, der elevene får opplæringa i programfag hos lokale entreprenører uten at skole har utgifter ut over ordinær klasseressurs.

Strategi:

De yrkesfaglige kjernetilbudene Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag, Teknikk og industriell produksjon, Helse- og oppvekstfag, Restaurant- og matfag samt Service og samferdsel videreutvikles i tråd med arbeidslivets behov og eventuelle endringer i den nasjonale tilbudsstrukturen.

Studiespesialisering er også et kjernetilbud som må sikres god rekruttering i regionen.

Ungdom som ønsker Musikk, dans og drama søker St. Hallvard vgs. De studieforberedende utdanningsprogrammene Idrettsfag og Medier og kommunikasjon videreføres som halve klasser så lenge det er tilstrekkelig elevgrunnlag. På sikt, når elevgrunnlaget synker, må strategien rettes inn mot å sikre tilstrekkelig rekruttering til Studiespesialisering, og la elever som ønsker det velge enkelte programfag fra Idrett, Musikk, dans og drama eller Medier og kommunikasjon som en del av sitt utdanningsløp på studiespesialisering. Dermed sikres en viss bredde og fleksibilitet i opplæringstilbudet.

Design og håndverk fases ut, og ungdom som ønsker dette tilbudet eller Kunst, arkitektur og design søker Hønefoss videregående skole.

Naturbruk flyttes til Rosthaug videregående skole.

Høyringsfrist er 9. september 2016. Endeleg handsaming vil skje i fylkestinget 14. og 15. desember.

Regionrådet for Hallingdal hadde forventa at Buskerud fylkeskommune hadde hatt ein tettare dialog med Regionrådet for Hallingdal i samband med utarbeiding av høyringsdokumentet. Fyrst og fremst med bakgrunn i partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune, der vidaregåande skuler er nemnt spesielt. Det vart og peika på desse forholda i innspel frå Regionrådet for Hallingdal, pkt. 10. For å bøte på desse forholda vart det helde eit møte på Gol 12.august der Buskerud fylkeskommune var representert ved; Stein Morten Øen, assisterande fylkesutdanningssjef, Tore Midtbø, rådgjevar utdanningsavdelinga, Grete Golberg, rektor Gol vidaregåande skule, Oddvar Skråmestø, rektor Ål vidaregåande skule. Frå Regionrådet for Hallingdal deltok Knut Arne Gurigard, dagleg leiar. Møtet var nyttig for å klargjera problemstillingar, samstundes som det var konstruktivt og løysningsorientert.

Ål 22.8.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Høyringsbrev frå Buskerud fylkeskommune dat. 30.6.2016



Til adressater etter liste

Vår dato: 30.06.2016
Deres dato:

Vår referanse: 2015/4884-47
Deres referanse:

Vår saksbehandler:
Tore Midtbø, tlf. 31002883

Langsiktig strategi for det offentlige videregående skoletilbudet i Buskerud - høring

Fylkestinget vedtok i sak 15/102, pkt 40 at «langsiktig og helhetlig plan for skoletilbudet revideres i 2016. Sak legges frem for fylkestinget. Det legges opp til en bred og involverende revideringsprosess."

I sak 16/4 vedtok Hovedutvalg for utdanning mandat for arbeidet. For å få en bred involvering ble det bestemt at det skulle brukes innspillmøter før utarbeiding av et høringsforslag, som så skulle sendes ut på skriftlig høring i løpet av juni. Høringsperioden varer fram til 9. september. Forslag til langsiktig strategi ferdigstilles primo oktober for bred politisk behandling før endelig behandling i Fylkestinget i desember 2016.

Langsiktig strategi for det videregående skoletilbudet skal bidra til en forutsigbar utvikling av skoletilbudet ved de offentlige videregående skolene i Buskerud gjennom årlig dimensjonering og tilpasning. Skoletilbudet skal understøtte prinsippene i Kunnskapsskolen i Buskerud, skal holdes innenfor de til enhver tid vedtatte økonomiske rammene for investering og drift, og skal samsvare med arbeidslivets behov for kompetanse. Strategien legger opp til samarbeid med arbeidslivet om utstyr, lokaler og kompetanse der det både fremmer elevens læring og bidrar til en rasjonell, samlet ressursutnyttelse.

Forslaget til langsiktig strategi er utarbeidet av ei arbeidsgruppe med deltakelse fra NHO-Buskerud, LO-Buskerud, KS-Buskerud, Elevorganisasjonen i Buskerud, de hovedtillitsvalgte, en rektor og utviklingsavdelingen i fylkeskommunen, alle med en repr hver. Utdanningsavdelingen har ledet og gjennomført arbeidet med fire representanter.

Det er holdt innspillmøter med 13 skolemiljøutvalg, 6 regionråd, 8 næringsforeninger, 4 landbruksorganisasjoner pluss fylkesmannens landbruks- og miljøvern avdeling og ett felles møte med opplæringskontorer.

Det har kommet inn 25 skriftlige innspill etter innspillmøtene. Der vi ikke har mottatt skriftlige innspill har vi basert oss på notater fra dialogen i innspillmøtene.

Økning i ungdomskullene i området Drammen-Kongsberg og nedgang i Numedal og Hallingdal har, sammen med stadig trangere vedtatte økonomiske rammer, vært viktige premisser i arbeidet med planen.

For å holde de økonomiske rammene har det vært nødvendig å foreslå å prioritere strengt omfanget av tilbudet i ulike områder av Buskerud. De yrkesfaglige kjernetilbudene som har gode samarbeidsrelasjoner med arbeidslivet, varierte utplasseringsmuligheter og god tilgang på læreplasser i bedrifter og institusjoner i regionene prioriteres. Et bredt og mangfoldig studiespesialiserende tilbud prioriteres framfor mer kostbare studieforberedende tilbud i områder med svakt elevgrunnlag.

Forslaget til langsiktig strategi sendes nå ut på høring til kommuner, videregående skoler, opplæringskontorer, næringsorganisasjoner mfl i Buskerud. Strategiforslaget og vedleggsdokumentet kan lastes ned fra fylkeskommunens hjemmeside eller ved bruk av følgende lenke: <http://www.bfk.no/horinger>

Ta kontakt med arbeidsgruppas sekretær, Tore Midtbø, på epost tore.midtbo@bfk.no, eller på telefon 31 00 28 83/90 79 80 11 hvis det er spørsmål.

Høringssvar til strategiforslaget sendes skriftlig innen 9. september 2016 til

Buskerud fylkeskommune
Utdanningsavdelingen v/Tore Midtbø
Postboks 3563
3007 DRAMMEN

eller til postmottak@bfk.no

Merk sendinga «Høringssvar til forslag til strategi for langsiktig offentlig skoletilbud».

Endelig behandling av langsiktig strategi for offentlig skoletilbud vil skje i fylkestinget 14. og 15. desember.

Med vennlig hilsen

Stein Morten Øen
ass. fylkesutdanningssjef

Tore Midtbø
rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur